

HORDALAND BONDELAG

Statens Vegvesen, Region Vest
 Askedalen 4
 6863 LEIKANGER

Vår sakshandsamar
 Maria Makloufi Skjold

Vår dato
 02.03.2017
 Dykkar dato

Vår referanse
 17/00205-2
 Dykkar referanse
 15/204805

Sak 15/204805 Kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen

Hordaland Bondelag viser til kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen. Planforslaget kjem i konflikt med drift av garden til vår medlem Arild Aase, som driv Aasegarden (Åse 35, Isdalstø). Alternativ V7C og V8 vil dele garden i to, legge beslag på dei beste jordbruksareala i distriktet og øydelegge mogelegheita for å drive matproduksjon på garden.

Drift på garden

Aasegarden har i dag 120 dekar fulldyrka slåtteareal, 120 dekar beite og 330 dekar produktiv skog. Garden er viktig i eit kulturhistorisk perspektiv, med jordbrukstradisjonar tilbake til 1600-talet. Garden hadde tidlegare den største mjølke- og kjøtproduksjonen i kommunen og det er framleis gode mogelegheiter for utvikling og auka drift.

Enga er sjeldan lett driven og flat med kort avstand til driftsbygning, og bonden driv med jordforbetring og grøfting. Arealane er i dag i full drift med produksjon av grovfôr til egne dyr og til sal for hest, storfe og sau. Garden har aktiv skogsdrift og nyttar materiale frå eigen skog til garden. Dei har òg eige sagbruk.

Aasegarden hestesenter vart starta i 1998, og tilbyr utleie av stallplass for 21 hestar. Senteret har drive med rideundervisning og arrangert konkurransar og andre arrangement med fokus på landbruk og hest. Dei har også lagt til rette for trening av travhestar.

Samfunnsmessig interesse

Aasegarden ligg sentralt i Nordhordland og har besøkande frå heile Nordhordland og Bergen. Garden er rekna som den ideelle plassen å drive med hest og er til stor glede og nytte for folk i nærområdet og nabokommunar. Området har vakker natur med fjell og vatn og gode vegar for riding og trav. Sjølv om garden ligg nær Knarvik, har den trygge omgivnader med lite trafikk, noko som er viktig for hestesport.

Nordhordland hundeklubb held også til på Aasegarden. Instruktørar for brukshund og sporhund nyttar beiteareala for trening. Garden har treningsbane og klubbhus for hundinteresserte. Det er aukande interesse for hund og hundesport i Nordhordland og

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:

Krokeidevegen 13
 5244 FANA

Hordaland Bondelag

Bondelagets Servicekontor AS

Besøksadresse:

5244 FANA
Org.nr.: 939678670

Org.nr.: 985063001 MVA

Tlf:

55 91 88 80

Bankkonto: 8101.05.12891

Bankkonto: 8101.05. 91392

E-post:

hordaland@bondelaget.no

Internett:

www.bondelaget.no/hordaland

Vår dato	Vår referanse
02.03.2017	17/00205-2

Åsane, og det vert arrangert hundekurs kvar veke på garden. Førre sommar vart det arrangert eit stort stevne med deltakarar frå heile landet.

Det ligg tre vatn i området, desse er drikkevatnet for folk og fe på garden. Dei er også nytta til rekreasjon for fritidsfiskarar, skular og barnehagar i distriktet.

Planar for garden

Heile garden er bruk i dag, men grunneigar har mange planar for framtida. Planane inneber utvikling av hestesenteret med ridehall og meir tilrettelegging av vegar for riding og trav. Det er også planar om både innandørs og utandørs treningsbane for hund. I tillegg har bonden planlagt å starte med sau denne hausten, noko som vil vere god utnytting av dei vel 120 dekar med beite på garden. I samband med kulturhistoria til garden, er det planar om å bygge eit jordbruksmuseum på eigedomen for å ta vare på gamle skikkar og reiskap.

Konsekvens av vegalternativ V7C og V8

Den viktigaste dyrka marka på garden vil ikkje lenger vere mogeleg å drive. I tillegg vert dei nemnte vatna og den produktive skogen på eigedomen råka. Vidare drift av garden vil verte vanskeleg, og alle planane som er lagt for eigedomen med mellom anna auka landbruksdrift og utviding av hestesenteret og treningsfasilitetar for hund vil ikkje vere mogeleg å gjennomføre.

Viktig dyrka mark

Matjord er ein ikkje-fornybar ressurs som mellom anna er viktig for beredskap. Vi har bare 3% matjord i Noreg og dyrka og dyrkbar mark bør ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon.

Aasegarden er viktig som landbruksareal med lettdrive areal i full drift og mogelegheit for utviding og auka drift. Garden er også viktig for mange innbyggjarar i kommunen og nabokommunane. Hordaland Bondelag ber om at ein vel alternativ som ikkje legg beslag på landbruksareal og dyrka mark generelt, og eigedomen Aasegarden spesielt.

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, utan underskrift

Frøydis Haugen
Fylkesleiar